Husbanken

Søknad om
lån til privatpersonar

1. Opplysningar til lånsøkjar

Søknaden med vedlegg kan sendast elektronisk og sikkert via Husbanken.no. Alternativt kan søknaden sendast med vanleg post. Dokument som inneheld personsensitive opplysningar, til dømes fødselsnummer, må ikkje sendast med e-post. E-post til Husbanken er ikkje kryptert og er derfor ikkje ein sikker måte å sende post på. Brev frå Husbanken vil bli sendt til den digitale postkassa di. Dersom du ikkje har ei digital postkasse eller har reservert deg mot digital kommunikasjon, vil breva frå Husbanken bli sendt med ordinær post.

Husbanken har etter Husbanklova, §§ 10-12, rett til å hente inn personopplysningar som er naudsynte for å handsame søknader om lån og tilskot, gjere kontrollar i etterkant og forvalte kundeforholdet. I tillegg til opplysningane de gir i samband med søknaden, vil Husbanken hente inn ulike opplysningar frå andre offentlege etatar og private aktørar, slik som kredittvurderingsbyrå. Føremålet med handsaminga er å gjennomføre forsvarleg og effektiv forvaltning. For meir informasjon om handsaming av personopplysningar, blant anna retten til å klage (Forvaltningslova § 14), kva kjelder opplysningane blir henta frå og kva dei skal brukast til, sjå husbanken.no. Her får du òg informasjon om retten din til innsyn, retting, sletting osb. I tillegg får du kontaktopplysningar til personvernombod, informasjon om utlevering av opplysningane, oppbevaringstid for opplysningane osb.

2. Søkjar

ⓘ Dersom du/de skal ha med ein medlåntakar som **ikkje er ein del av din/dykkar husstand,** så må vedkommande fylle ut ein eigen kopi av søknadsskjemaet som må leggjast ved søknaden. Dette må gjerast for at Husbanken skal kunne gjennomføre ei fullstendig kredittvurdering av medlåntakar (sjå rettleiing i punkt 11).

☐ **Eg skal berre stille som medlåntakar**

Fødselsnr. Søkjar 1 (11 siffer)	Etternamn og førenamn			Telefon
Postadresse	Postnr.	Poststad	E-postadresse	
Fødselsnr. søkjar 2 (11 siffer)	Etternamn og førenamn			Telefon
Postadresse	Postnr.	Poststad	E-postadresse	

Sivilstand
☐ Gift ☐ Ugift ☐ Sambuar ☐ Separert

Einsleg forsørgjar?
☐ Nei ☐ Ja → Om ja, delt bustad? ☐ Ja ☐ Nei

Tal på vaksne i husstanden	Tal på barn 13-17 år	Tal på barn 6-12 år	Tal på barn 0-5 år

3. Søknadstype

☐ Kjøp av bustad i prosjekt
☐ Oppføring av ny bustad/garasje
☐ Overtaking av lån i Husbanken
☐ Oppgradering av bustad

Dersom søknaden gjeld kjøp av bustad i prosjekt

Saksnr. prosjekt	Utbyggjar/seljar	Org.nr.
Kontaktperson utbyggjar/seljar	Telefon	E-postadresse
Prosjektnamn	Bustadnemning	Dato forventa overtaking

Om søknaden gjeld overtaking av lån

Lånet søkjast overført i samband med ☐ Samlivsbrot ☐ Skifte ☐ Uskifte ☐ Anna	Saksnr. noverande låntakar
Noverande låntakar 1, etternamn og fornamn	Telefon
Noverande låntakar 2, etternamn og fornamn	Telefon

Noverande adresse	Postnr.	Poststad
Framtidig adresse for noverande låntakar	Postnr.	Poststad

Dersom fastrente, ønskast lånet oppgjort med berekning av over-/underkurs ☐ Ja ☐ Nei → Om nei, skal noverande låntakar underskrive søknaden.

Stad	Dato	Underskrift

Om søknaden gjeld oppføring av ny bustad/garasje, eller oppgradering

Fyll ut skjema HB 7.S.20 Informasjon om byggeprosjektet.

4. Eigedomsopplysningar

Gardsnr.	Bruksnr.	Seksjonsnr.	Festenr.
Kommunenr.	Kommunenamn		
Talet på kvadratmeter BRA-i			

Føremålet med bustaden
☐ Bu i bustaden ☐ Utleige ☐ Anna (spesifiser):

5. Finansieringsplan for bustaden

	Beløp i kroner
Ønska lån frå Husbanken	
Eigenkapital (dokumentasjon må leggjast ved)	
Andre lån i samband med finansieringa (dokumentasjon må leggjast ved)	
Sum	

Kjelda til eigenkapital, t.d. bankinnskot, fond/aksjar, forskot på arv, overskot frå sal av bustad e.l. (sjå rettleiing i punkt 12)

6. Nedbetalingsvilkår lån frå Husbanken

Nedbetaling som	Nedbetalingstid (maksimalt 30 år)	Terminlengde	Forfallsdato
☐ Annuitetslån ☐ Serielån		☐ Månadleg ☐ Kvartalsvis	☐ 1. ☐ 12. ☐ 20.

Ved overtaking av lån: Om nedbetalingsvilkår ikkje er valt, vidareførast opphavelege vilkår.

7. Husstanden sin økonomiske situasjon etter låneopptak

Inntekter			**Beløp kr./månad**	
Brutto personinntekt søkjar 1				Fast tilsett ☐
Brutto personinntekt søkjar 2				Fast tilsett ☐
Motteke barnebidrag				
Andre inntekter (spesifiser)				
Utgifter			**Beløp kr./månad**	
Betalt barnebidrag				
Utgifter til barnepass/barnehage/SFO				
Eigedelar				
Talet på bilar → av desse, kor mange er el-bilar		Dersom leasing, oppgi leasingkostnad		
Anna eigedom (spesifiser **knr**, **gnr** og **bnr**, **snr**)				
Andre lån (dokumentasjon må leggjast ved) unntatt kredittkort, forbruksgjeld og kjøpskredittar)			**Beløp kr./månad**	
Studielån	Saldo	Rente p.a.	Terminbeløp	Fastrente ☐
Billån	Saldo	Rente p.a.	Terminbeløp	Fastrente ☐
Andre bustadlån	Saldo	Rente p.a.	Terminbeløp	Fastrente ☐
Andre lån (spes)	Saldo	Rente p.a.	Terminbeløp	Fastrente ☐

8. Andre opplysningar

9. Underskrift

Eg stadfestar at opplysningane i søknadsskjemaet er rette og fullstendige. Om det skjer endringar som kan ha noko å seie for handsaminga av søknaden, pliktar eg å melde frå om det.

Stad	Dato	Underskrift søkjar 1
Stad	Dato	Underskrift søkjar 2

☐ Original stadfesta rett kopi av gyldig legitimasjon (Gjeld kun for søkjarar som har reservert seg mot digital post)

Den som stadfestar kopien må påføre «rett kopi stadfestast», signere og datere. Stempel og blokkbokstavar til den som signerer må også påførast. Husbanken skal ha den originale signaturen og stempel frå den som stadfestar legitimasjonen.
Følgjande kan bekrefte rett kopi:

- domstolar, politi og NAV
- helsepersonell der kunden er innlagt på sjukehus
- bankar, finansieringsføretak, kredittføretak, eigedomsmeklarar, revisorar (registrerte/statsautoriserte), regnskapsførarar (autoriserte) og advokatar

10. Vedlegg

Dokumentasjonen under må leggjast ved for at Husbanken skal kunne gjere ei vurdering av søknaden

- ☐ Kopi av siste års skattemelding
- ☐ Kopi av siste års skatteoppgjer
- ☐ Kopi av dei tre siste lønnslippane/trygdeutbetalingar
- ☐ Dokumentasjon av ev. andre lån (unntatt kredittkort, forbruksgjeld og kjøpskredittar)
- ☐ Dokumentasjon av eigenkapital/andre lån i samband med finansieringa
- ☐ Driftsbudsjett dersom bustaden skal leigast ut

Dokumentasjonen under må i tillegg leggjast ved

Dersom søknaden gjeld kjøp av bustad i prosjekt

- ☐ Signert kjøpekontrakt om dette ligg føre

Dersom søknaden gjeld overtaking av lån

- ☐ Kopi av skifteattest ved dødsbu
- ☐ Kopi av skifteavtale ved samlivsbrot

Dersom søknaden gjeld oppføring av ny bustad/garasje, eller oppgradering

- ☐ Utfylt skjema HB 7.S.20 Informasjon om byggeprosjektet
- ☐ Fasade-, plan- og snitteikningar
- ☐ Situasjonsplan
- ☐ Skjøte eller festekontrakt
- ☐ Byggebeskrivelse
- ☐ Kontrakt
- ☐ Rammetillatelse frå kommunen
- ☐ Dokumentasjon på støtte til bil frå Nav, dersom det er aktuelt

Dersom søkjar har verje

- ☐ Kopi av verjefullmakt og Statsforvalteren sitt samtykke til låneopptak om søkjaren har verje

11. Rettleiing

Inntekter
Alle inntekter må vere dokumenterte og stabile over tid for å bli tatt med i vurderinga av beteningsevne.

Eigenkapital
Korleis eigenkapitalen er eller skal skaffast må forklarast og dokumenterast. Du kan til dømes opplyse om pengane er oppsparte midlar, sal av eigen bustad eller mottekne som arv eller gåve. Dette kan til dømes dokumenterast med bankutskrifter, skattemeldingar eller ei erklæring frå den som eventuelt skal gi forskot på arv eller gåve. Eventuelt takst på noverande bustad og oversikt over lån.

Medlåntakar
Dersom banken meiner at ein lånesøkjar ikkje har god nok økonomi til å innvilge lånesøknaden, kan ein i nokre tilfelle få ein annan person til å stille garanti for det ein sjølv manglar. Det kan auke sjansane for å få lån. Ein måte å gjere det på er å ha ein medlåntakar. Det kan til dømes vere foreldre, eller annan familie.

Medlåntakaren er solidarisk ansvarleg for å betene lånet saman med hovudlåntakaren heilt til lånet er nedbetalt. Der panteobjektet (bustaden) ved tvangssal ikkje innfrir lånet, og hovudlåntakar ikkje er betalingsdyktig, vil medlåntakar vere ansvarleg for restgjeld heilt til lånet er nedbetalt.

Dersom du/de skal ha ein medlåntakar som ikkje er ein del av husstanden din/dykkar, må de fylle ut eit eige søknadsskjema for medlåntakar som blir lagt ved søknaden. Dette må gjerast for at Husbanken skal kunne gjennomføre ei fullstendig kredittvurdering av medlåntakar.

Ved utfylling av eigen kopi av søknadsskjema for medlåntakar som ikkje er ein del av husstanden din/dykkar held det å fylle ut:

- Punkt 2. Søkjar
- Punkt 4. Eigedomsopplysningar
- Punkt 7. Den økonomiske situasjonen for hustanden etter låneopptak
- Punkt 9. Underskrift (dersom søknaden skal sendast med vanleg post)
- Punkt 10. Vedlegg

Overføring av lån:
Som hovudregel overfører ikkje Husbanken lån. Det kan likevel søkjast om overføring av lån ved uskifte, skifta, eller ved samlivsbrot der ein av dei noverande låntakarane skal bli buande i bustaden. Lånet kan unntaksvis søkjast overført når andre spesielle omsyn tilseier dette. Slike omsyn kan vere når det ikkje finst alternativ til Husbankfinansiering, t.d ved sal av bustader som ligg i fråflyttingsområde. At ein endra livssituasjon med årsak i arbeid, sjukdom, økonomi eller anna gjer at låntakar må selje eigedommen med tap, vil ikkje i seg sjølv vere nok til å få overført lånet til ny eigar/kjøpar.

Dødsbu
Når ektefelle skal sitje i uskifte eller overta heile buet og gjeldsansvaret, kan lånet overførast på løpande vilkår ved oversending av uskifte-/skifteattest.

Pant
Normalt vil det vere tilstrekkeleg å nytte allereie tinglyst pantedokument som tryggleik. Lånesøkjar unngår dermed utgifter til tinglysing av nytt pantedokument. I tillegg skal alle heimelshavarar/lånsøkjarar underskrive låneavtalen. Viss bustaden er burettslags-/aksjeleilegheit, må det etablerast ny tryggleik.

Søknadsskjema med vedlegg kan sendast elektronisk via husbanken.no

Dersom du ønskjer å nytte ordinær post, kan du sende søknaden med vedlegg til:

Husbanken
Postboks 1404
8002 Bodø

Brev frå Husbanken vil bli sendt til den digitale postkassa di. Dersom du ikkje har digital postkasse eller har reservert deg mot digital kommunikasjon, vil breva frå Husbanken bli sendt med vanleg post.

Felles telefonnummer til Husbanken 22 96 16 00